



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.
0032 OSLO
postmottak@fk.d.dep.no

ETNE, 17. November 2009

Høyring: Forslag til forskrift om særskilte krav til akvakulturelatert verksemd i Hardangerfjorden

Etne Jeger- og Fiskerforening ser med stor uro på forslaget til forskrift.

Allereie for 5 år sidan kom det sterke signal frå forskarhald om at produksjonsnivå av oppdrettsfisk i Hardangerfjordbassenget hadde nådd berekraftig tåleevne, sannsynlegvis passert. Sidan har produksjonen dobla seg!

Likevel legg departementet fram forslag til forskrift som "frys" produksjonsnivået til 50 tusen tonn. Dette er meir enn det nokon gong har vore! Det er nesten ikkje til å tru!


Vi meiner dette er både sterkt beklageleg og uforsvarleg og vil påstå at styresmaktene bryt med råd frå forskarar, egne direktorat, Mattilsynet og ikkje minst sin eigen "Strategiplan for en miljømessig berekraftig havbruksnæring" vedtatt så seint som i april i år. Vi vil dessutan få nemne det særskilte ansvar vi har etter Bernkonvensjonen, der vi forpliktar oss til å ivareta den nordatlantiske laksestamma.

Vi meiner styresmaktene:

- Straks må etterleve egne krav til at "havbruk skal etablerast, drivast og avviklast på miljømessig forsvarleg måte." Der blant anna prinsippet om føre-var-prinsippet blir lagt til grunn.
- Straks sette forsvarlege målbare grenser for kva som skal tillatast av lakselus, målt på utgåande laksesmolt og på villaks og sjøaure i fjordane.
- Straks sette forsvarlege målbare grenser for kva som skal tillatast av rømt oppdrettsfisk i elvane.
- Straks sette krav om "brakking" i perioden kor laksesmolten vandrar ut i havet.
- Straks foreta undersøkingar i fjordbassenget for å finne ut kor skadeleg avfall frå oppdrettsnæringa er for mangfaldet i sjøen og utifrå resultatet sette forsvarlege grenser for produksjonsmengde.
- Straks gjennomføre kraftige sanksjonar om ikkje grensene i ovannemnte punkt blir halde. Vi meiner at fram til forsvarleg tåleevne er bevist så må produksjonsmengda reduserast monaleg.
- Straks sette i verk kraftige sanksjonar for manglande rapportering av rømingar.
- Styresmaktene må straks vedta forskrift som pålegg oppdrettsnæringa å ta alle kostnader med forureininga si. Oppdrettsnæringa må blant anna bli pålagt å betale for alt arbeidet med å fange rømt oppdrettsfisk i elvane.

Vi viser elles til Etne kommune si høyringsuttale og støttar opp om denne.

Med helsing
for Etne Jeger- og Fiskerforening


Jan A. Vinje
Leiar